

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2020

Dan Stian Femoen (H) sette fram slikt forslag:

«Nytt pkt. 5:

Prosjektrekneskap vert lagt fram for revisor og kontrollutvalet før endeleg politisk behandling.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Femoen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget godkjenner at for investeringsprosjekt med budsjett ved byggjestart på over 75 mill. kr skal det leggjast fram prosjektrekneskap for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.
2. Fylkestinget godkjenner at for investeringsprosjekt med budsjett ved byggjestart på over 50 mill. kr og der rekneskapen har avvik på meir enn 10 % samanlikna med budsjett ved byggjestart, skal det leggjast fram prosjektrekneskap for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.
3. Fylkestinget godkjenner at for investeringsprosjekt med lågare budsjettsummar vert prosjektrekneskapa innarbeidde i årsrapporten. 4. Fylkesrådmannen utarbeider retningslinjer for ordninga.
4. Fylkesrådmannen utarbeider retningslinjer for ordninga.
5. Prosjektrekneskap vert lagt fram for revisor og kontrollutvalet før endeleg politisk behandling.